



Vedtekter for Aukra ungdomsråd

ePhorte: 2014/1126-31

Vedteke i K-sak 65/15

VEDTEKTER FOR AUKRA UNGDOMSRÅD

FØREMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

- A. Ungdomsrådet skal vere eit talerør og ein felles arena for ungdom. Gjennom demokratiske prosessar skal ungdomsrådet gje ungdommen i Aukra meir innverknad over sin eigen kvardag. Interessene til ungdom i heile Aukra skal takast i vare, og rådet skal vere partipolitisk uavhengig.
- B. Ungdomsrådet skal vare med på ivaretaking og fornying av interessene og auke samfunnsengasjementet til ungdommen i Aukra. Dei unge skal sjølv få vere med på å skape si eiga framtid gjennom å trygge sine eigne rettar, og drive ungdomspolitikkk ut frå sine eigne ønskjer og meiningar. Ungdomsrådet vil gje ungdomane relevant trening i demokratiske spelereglar.
- C. Ei viktig oppgåve for ungdomsrådet blir å arbeide for eit godt ungdomsmiljø.
- D. Rådet skal vere høyringsinstans i saker som vedkjem barn og ungdom.

VEDTEKTER

§1 Forholdet til Aukra Kommune

- a. Vedtektene til ungdomsrådet blir innstilt av det første ungdomsrådsmøtet i perioden. Dei blir deretter godkjent av førstkomande kommunestyremøte.
- b. Ungdomsrådet legg fram årsmelding til kommunestyret kvar vår. Årsmeldinga skal gjengi dei aktivitetane ungdomsrådet har hatt det siste året.
- c. Ungdomsrådet skal ha ein definert kontaktperson i kommuneadministrasjonen. Denne personen skal først og fremst legge til rette og kalle inn til møter for ungdomsrådet. Kommunestyret bestemmer funksjonen til denne personen.
- d. Kommunestyre oppnemner to representantar som deler på å ha eit særleg ansvar for å inkludere og følge opp ungdomsrådet. Representantane vert valt for kommunestyreperioden.
- e. Ungdomsrådet har rett til å gje uttale til kommunen i saker som er relaterte til ungdommen, eller som kan ha konsekvensar for barn og unge sin kvardag. Ungdomsrådet kan også ha avgjerdsmynde i dei saker kommunestyret gir mandat til det. I slike saker har representantar frå Ungdomsrådet høve til å gjere greie for ungdomsrådet sitt syn ved møte i kommunestyret. På same måte kan representantar frå ungdomsrådet bli invitert til formannskapsmøter og utvalsmøter.
- f. Ungdomsrådet har rett til innsyn i saksdokument som omhandlar barn og ungdom i kommunen. Leiaren av ungdomsrådet mottok saklister for kommande kommunestyremøte og formannskapsmøte.
- g. Ungdomsrådet har teieplikt som fungerer på same måte som for medlemar i kommunestyret.

§2 Val og samansetning

a. Ungdomsrådet er samansett av til saman 7 representantar som blir valt for 2 år om gongen. Vala blir gjennomført før 1. juni kvart år. Det avtroppande ungdomsrådet har ansvar for at valet blir gjennomført etter demokratiske prinsipp. Ungdomsrådet si periode følgjer skuleåret.

b. Ungdomsrådet har følgjande samansetjing:

Gossen barne og ungdomsskole	2 representantar
Julsundet barne- og ungdomsskole	2 representantar
Andre representantar, uavhengig av skoletilknytning	3 representantar

I tillegg til representantane frå skolane vert valt , tre representantar som er interessert i ungdomsspørsmål, men ikkje nødvendigvis er elevvar ved Julsundet skole eller Gossen barne- og ungdomsskole. Dette utgjer 7 faste representantar med like mange vararepresentantar.

c. Det er opptil ungdomsråd i samråd med rektor og elevråd å bestemme korleis vala skal organiserast. Men det skal vere moglegheit for at alle elevane kan bli valt. Det kan for eksempel arrangerast valkamp i forkant av valet.

d. Same person kan berre sitje i ungdomsrådet 2 periodar etter kvarandre, maksimalt 4 år totalt. Hovudmålgruppa er ungdom mellom 15 og 19 år.

e. Ungdomsrådet skal ha ein leiar og ein nestleiar. Desse blir valt av medlemmane i ungdomsrådet. Dersom det er ønskjeleg, kan ungdomsrådet fritt delegerer oppgåver og gje nye ansvarsroller til medlemmar. Kommuneadministrasjonen sin kontaktperson er sekretær, økonomisk forvaltar og praktisk tilretteleggar.

f. Ved større arrangement og andre aktivitetar for ungdom kan det vere nødvendig å oppnemne personar i arbeidsgrupper/utval. Her bør minst 1 representant frå ungdomsrådet vere med.

Ungdomsrådet står fritt til å oppnemne ansvarspersonar og arbeidsgrupper/utval etter behov. Desse personane rapporterer jamleg til ungdomsrådet.

§3 Møter

a. Ungdomsrådet bør halde minst 6 møter kvart år, gjerne i forkant av kommunestyremøte. Det skal kvart år etter valet arrangerast eit seminar for dei nye representantane og vararepresentantane. Målet er å setje dei inn i kva eit ungdomsråd er, og gjere representantane kjende med kvarandre.

b. Leiar og kontaktperson i kommuneadministrasjonen har ansvar for innkalling, saksdokument, leige av møterom, referat osv. Leiar, nestleiar og kontaktperson kan til nød ta avgjerder i fellesskap p.g.a. tidspress, skuleferie eller liknande. Slike saker skal godkjennast av ungdomsrådet på neste møte. Leiar er møteleiar.

c. Alle vedtak blir avgjorde med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal har leiaren dobbeltstemme. Rådet er vedtaksføre når minst 5 personar møter.

d. Det skal sendast ut møteinnkalling med sakliste før kvart møte, og referat frå siste møte.

e. Medlemmane i ungdomsrådet bør vere med på elevrådsmøte på sine eigne skular og gje

referat til dei frå ungdomsrådet. Medlemmar frå ungdomsrådet kan også bli invitert til rådslåing/informasjonsverksemd til dei ulike ungdomsorganisasjonane i Aukra kommune.

f. Følgjande personar kan kallast inn til ungdomsrådet sine møter. Desse har tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

- Vararepresentantar
- Kontaktpersonen i kommuneadministrasjonen.
- Ordførar
- Rådmann
- Kommunen sin barne- og ungdomsrepresentant
- Ungdomsrepresentantar frå andre politiske parti og organisasjonar i Aukra kommune
- Evt. andre etter godkjenning av ungdomsrådet sin leiar.

g. I slutten av kvart år skal det haldast eit årsmøte der arbeidsprogram, politiske prioriteringar og vedtekter blir fornya og gjennomgått.

§4 Økonomi

a. Ungdomsrådet har rett til å disponere sitt eige driftsbudsjett. Ungdomsrådet står fritt til å disponere midlane sine til ungdomstiltak etter søknad, eller eigne arrangement og aktivitetar. Ein del av midlane blir brukt til reisegodtgjersle og enkel servering på lange møter. Storleiken på budsjettet blir fastsett ved den årlege budsjettbehandlinga i kommunestyret.

b. Det blir gitt møtegodtgjersle for møta i ungdomsrådet etter kommunale reglar.

c. Kontaktpersonen i kommuneadministrasjonen har det overordna ansvaret for ungdomsrådet sitt budsjett og rekneskap.